

ØYGARDEN ØVRE



Av John Amundgaard, april 1984, «Nedlagde og/eller fråflytta bruk i Ottadalsgrend Sel grense – Rinda»

Bruket Øvre Øygarden var på nokre få mål dyrka jord, og ligg innved bygdagrensa på andre sida åt bruket «Heimen» i Sel. Kven som fyrst rydda og bygde her er det uråd for oss å finne ut nå. Men etter det som har vore fortald, var det desse fire syskena som budde her:

Marit Øygarden: Ho hadde tvo born, tvillingane Mari og Ole (1873). Mari Ødegaard reiste til Amerika.

Ole Ødegaard gifta seg med Anne Kolbotn (1875) frå Selsverket. Han busette seg på Nord-Sel og dreiv som skreddar all sin dag.

Telefonsentralen for Nord-Sel var i huset hans. Anne og Ole hadde 12 born:

Martinus (1897), Anna (1898), Hans (1901), John (1903), Kristian (1906), Gudrun (1908), Klara (1910), Agnes (1913), Hjørdis (1916), Olav (1918), Ruth Synnøve (1921) og Marit (1923).

Martinus Ødegaard g.m. Thora Ulen (1906) bur fortsatt på same staden.

Mari Øygarden (1847): g.m. Peder Ymjerøyen (1847). Dei busette seg på Teigen i Myromsgrend. Borna deira var:

Kari, Mari og Ragnhild, som alle reiste åt Amerika,

Ole Teigen (1876) g.m. Grete Kuruen frå Trøndelag. Born: Per (1905), Sigvart (1906), Hans

(1910), Bergljot (1913), Magnhild (1915),

Eldrid g.m. Ola S. Brun Justgarden. Born: Gunhild, Sigurd, Paul, Signe, Ola, Edvin,

Ingrid (1888) g.m. Hans Eglum (1886). Born: Tora (1911) g.m. Hans Jakobsen (1911), Mari

(1913) g.m. Alfred Jørve, Oline (1915) g.m. Ragnvald Sletmo (1907), Per

(1918) g.m. Mari Grønn (1924).

Kari Øygarden g.m. Martinus Dahlby, Gjesnes ved Hamar. Son: Johan Dahlby, Otta g.m. Emma Svendsen, Trengereid ved Bergen. Fosterdatter: Mildred Pedersen, Otta.

Ola Øygarden: Sjølv kalla han seg Øygardsguten og det vart han heitande millom folk i grend, og kanskje vidare der han for. Etter det som var fortald um han, var det ein kar med uvanleg gode evner, og som sikkert kunna drivi det langt på mange område, men den tidi vart det nok ikkje anna enn tungarbeid for dei fleste som kom frå husmannsheimom. Han kom for det meste til å drive med timberhogst og fløyting. Saman med Amund Syversen Rusten – Vetl Ommonguten som han vart kalla – barst det kvar haust nordpå Lomsmorkjin som døm sa (det var åt Skjåkalmeningen). Det var hogst um vinteren og fløyting om sumaren, og ein vår, under fløytingen i Framrusten, bleiv Øygardsguten i berre ung alder. Ved fløytingen i desse tverrelvom vart det nytta dammvatn, og det sette seg ofte «lunne» som måtte gjemnast ut att før damvatnet vart slept på. Og det var frå ein slik «lunnè» Øygardsguten ikkje greide å koma seg i land då dammvatnet kom. Han fylgde då med og vart burte.

Øvre Øygarden høyrer nå til Nordre Sørlien, eigar Knut Rønningen.